

KAFFIMØTER FOR NÆRINGSLIVET

Det er ynskjeleg med ein betre dialog mellom næringslivet og kommunen i Gol, og ordføraren vil derfor invitere til kaffimøter for å skapa ein arena der me kan møtast!

Møtet blir annonsert på kommunens heimesider, i kommunens fellesannonsar i Hallingdølen samt at det er oppretta ei eigen facebookgruppeside med tilhøyrande arrangement, <https://www.facebook.com/groups/706690059487317/?fref=ts>

Møtet skal ikkje ha nokon annan agenda enn det næringslivet sjølv etterspør. Tanken er å ha ein uformell møteplass der ein kan diskutere, men og søkje avklaringar av kvarandre eller frå kommunen. Det vil bli skrivi ei oppsummering som leggjast ut på kommunens heimesider, <http://www.gol.kommune.no/politikk-og-innsyn/ordforaren-si-side/>



Ordføraren ynskjer å ha ein arena der ein kan dele det som skjer i kommunen som har direkte eller indirekte innverknad på næringslivet i Gol.

For våren 2020 er det tenkt 6 møter, og møtedatoar er:

DATO: 28.01.20 (TIR)	TID: 09.00 – 10.00	STAD: Fretex
DATO: 18.02.20 (TIR)	TID: 09.00 – 10.00	STAD: Fretex
DATO: 17.03.20 (TIR)	TID: 09.00 – 10.00	STAD: Fretex
DATO: 14.04.20 (TIR)	TID: 09.00 – 10.00	STAD: Fretex
DATO: 26.05.20 (TIR)	TID: 09.00 – 10.00	STAD: Fretex
DATO: 23.06.20 (TIR)	TID: 09.00 – 10.00	STAD: Fretex

Møtene blir halde sentrumsnært og blir halda på rundgang halvårsvis i kommunens mange resturantar og kafear.

Dette halvåret vil møtene vera på **Fretex**. Det vil ikkje bli anna servering enn kaffi.

Eg vonar at så mange som mogleg kan møte på desse møtene, og kjem med konstruktive innspel og bidreg til ein god dialog.

Me sjåast te ein prat og ein kaffikjøpp!

Heidi Granli

Ordførar